Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8.

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Engerdal.

Emne: Beit og brom.

Bygdelag: Engerdal.

Oppskr. av: Andreas Ropeid

Gard:

(adresse):

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Per Nyhus, f. i Engerdal 1871. Bonde og skomakar.
Reodor Wardenær, f. i Engerdal ~~xxx2~~ 1921. Forr.förar i Trygdekas-sa.
Ola Nygaard, f. i Engerdal, oml. 60 år. Bonde og pensj.-vert

SVAR

1. Ein har tidlegare nytta ris som naudfor om våren.
   Ein kalla det ris.
   Det var mest berre björk.
2. Ein seier å bryta ris.
   Ein hadde ikkje nokon serleg slede å dra riset heim med.
3. Ein henta ris om våre i forknipa.
   Det var ikkje vanleg at ein nytta riset av vinterveden som for.
4. Ein ~~braukxxrix~~ "bröt ris" med lövhakke.
5. Ku, sau og geit fekk ris.
   dei fekk riset slik det var; kua tok alt, sauen og geita mindre.
6. Ein tok oftast heim så lite om gongen at det ikkje vart noko problem med oppbevaringa.
   Omgripet beitakost har det ikkje vore tale om ved ris. Derimot var det vanleg å ta ~~xin~~ heim greiner og slikt etter hogsten, likeeins mindre furutre og legg ja i haug på tunet. der fekk geita gå å eta, ho åt både bar og bork. Sjå svar på emneliste 7.
7. Denne skikken er ukjent, men langfredagsriset er kjent.

8215